

	<b>Aukra kommune</b> Utbygging	Arkivsak: 2014/1127-3
		Arkiv: 614
		Saksbeh: Jon-Gunnar Gjelberg
		Dato: 25.09.2014

## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
40/14	Livsløpsutvalet	30.09.2014
95/14	Formannskapet	06.10.2014
85/14	Kommunestyret	16.10.2014

### Investeringsprosjekt 257000 Kulturhus og basseng. Organisering av det videre arbeidet og gjennomføring av driftsplan.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommunestyre vedtek organisering av utbyggingsprosjekt 257000 Kulturhus og basseng som vist i vedlegg 2. Ekstra medlem frå kommunestyret i referansegruppa blir.....
2. Kommunestyret tek til vitande informasjonen om arbeidet med driftsplan for nytt kulturhus og basseng.

#### Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 30.09.2014

##### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

##### Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

#### Saksprotokoll i Formannskapet - 06.10.2014

##### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

##### Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.10.2014

### Behandling

#### **AP ved Katrine Rindarøy la fram følgjande forslag:**

Heidi Løklingholm blir valgt som medlem i referansegruppa.

Innstillinga frå Formannskapet og forslaget frå Katrine Rindarøy vart samrøystes vedtatt.

### Vedtak

1. Aukra kommunestyre vedtek organisering av utbyggingsprosjekt 257000 Kulturhus og basseng som vist i vedlegg 2. Ekstra medlem frå kommunestyret i referansegruppa blir Heidi Løklingholm.
2. Kommunestyret tek til vitande informasjonen om arbeidet med driftsplan for nytt kulturhus og basseng.

### Vedlegg

- 1 Oppstartsvedtak for kulturhus og basseng. PS 100/13
- 2 Prosjektorganisasjon

### Særutskrift:

### Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok oppstart av skisseprosjekt 21.11.2013 i PS 100/13. Viser her til pkt. 5. i oppstartsvedtaket: «Rådmannen kjem attende til organisering av det vidare arbeid».

### Utgreiing:

#### Organisering av det vidare arbeidet

I PS 4/14 «investeringsreglement – nytt kapittel 9 i Aukra kommunes økonomireglement», er det i saksframlegget sagt dette om organisering av utbyggingsprosjekt: «Dersom kommunestyret vedtek at eit prosjekt skal ha eigen prosjektorganisasjon, kan denne organiserast som vist i vedlegg 2 til reglementet. Avvik frå denne bør kommenterast i saksutgreiinga til prosjektet.»

Vedlegg 2 (vedlagt denne saka) viser rådmannens sitt forslag til organisasjonsplan for dette prosjektet. Prosjektorganisasjonen er basert på modellen som det er vist til i investeringsreglementet:

*Prosjektansvarleg (PA):* Utbyggings sjef Terje Urdshals. Overordna ansvar i prosjektet. Prosjektansvarleg rapporterer til kommunestyret.

*Prosjektleder (PL):* Jon-Gunnar Gjelberg. Intern prosjektleder i Utbyggingsavdelinga. Ansvarleg for den daglege drifta av prosjektet inkludert agenda og møteleiing for dei andre undergruppene. Rapporterer til PA.

*Assisterande prosjektleder (APL):* Gerd Nerbø. Intern APL i Utbyggingsavdelinga. Dagleg drift av prosjektet i lag med PL. Rapporterer til PL. Brukarorganisasjon. Leia av Kultursjef Anne Jorunn Sandøy. Ansvarleg for at brukarane blir tatt aktivt med i planlegg og bygging. Rapporterer til PL.

Interne ressursar: Kommunalsjefar, pedagogisk rådgjevar, økonomisjef, representant for ROR-IKT. Denne gruppa skal sikre at nøkkelpersonar i administrasjon er oppdatert i prosjektarbeidet. Rapporterer til PL.

*Kommunestyrets referansegruppe.* Faste medlemmar er: Ordførar, leiar i Livsløpsutvalet, rådmannen, representant for dei tillitsvalde, assisterande prosjektleiar-referent. Ekstra medlem vert valt av kommunestyret. Gruppas mandat er todelt: 1. Gi råd/tilbakemelding til prosjektleiinga i den daglege drifta av prosjektet. 2. Gi råd/tilbakemelding til rådmannen når saker skal opp til politisk handsaming. Rapporterer til PL.

*Prosjektering og bygging.* I den fasen vi no er inne i er ikkje denne etablert. Gruppa vil bestå av entreprenørar, arkitekt, og tekniske planleggarar. Rapporterer til PL. Personane i organisasjonen kan bli byttet og fleire kan bli involvert seinare i planleggings- og byggefase. Prinsipp og mandat for organisasjonen vil ikkje bli endra.

### Gjennomføring av driftsplan

I arbeidet med driftsplan er kulturhusrådgjevar Nils Gunnerud engasjert for å hjelpe organisasjonen. Han var også med som rådgjevar for plannemnda i arbeidet med å svare på mandatet. Han har lang erfaring med slike prosessar og heile prosjektorganisasjonen vil ha god nytte av hans kunnskap og erfaring i arbeidet med driftsplan. Rapporterer til PL.

Arbeidet med driftsplan er todelt: Utredning og prosess.

1. Utredning
  - Kva vil vi med anlegget/tenesta?
  - Korleis skal tenesta vere?
  - Kva tenester skal anlegget ha?
  - For kven / målgrupper / brukergrupper?
  - Framføring eller øving?
  - Kvalitet? (akustikk, utstyr, støy etc.)
  - Kva skal det koste å bruke? (leie, tjeneste, utstyr etc.)
  - Budsjett
  
2. Prosess
  - Viktig at nokon eig prosjektet
  - Involvere kulturlivet, leiar for verksemder, dei tilsette, politikarar etc.
  - Kva synergjar ynskjer vi?

Mykje av dette er omtalt i plannemnda sin rapport av 22.05.13 til kommunestyret (sjå vedlegg til K-sak100/13). Men for å kunne arbeide vidare med ei driftsplan var det naudsynt å få vedtatt rammene for prosjektet i eit oppstartsvedtak. Når driftsplan er ferdig kan vi utarbeide grunnlaget for ein arkitektkonkurranse. Om rådmannen ser behovet for å informere eller avklare saker som ikkje er omtalt, eller ikkje er i tråd med oppstartsvedtaket, vil rådmannen komme attende til kommunestyret.

Målsettinga er at driftsplan blir ferdigstilt jan – febr 2015 og at skisseprosjektet kjem opp til politisk handsaming i juni 2015.

### **Økonomiske og administrative konsekvensar:**

Saka medfører ingen økonomiske konsekvensar ut over det rådmannen melder i sine tertialrapportar. Administrativt er det lagt opp vara- eller assisterande leiarar for mange av nøkkelrollene slik at organisasjonen ikkjevert for sårbar.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Terje Urdshals  
Utbyggingssjef

Rett utskrift

Martina S. Böttcher  
Polittisk sekretær